

# PELAGISK FORENING ÅRSRAPPORT 2017





# KOMMUNIKASJON OG DIALOG

**Skal vi bygge** ei god plattform og forståing for fiskeria, må vi arbeide med kommunikasjon og dialog. Det har vi gjort innanfor ei lang rekke saker i 2017.

Under Arendalsuka løfta vi stort og sende Brennholm inn i Arendalspollen som til vanleg fylt av tresnekker og ferierande båtfolk. No var det vi som brukte kaiplassen og kom, bokstaveleg tala, midt inn i den politiske diskusjonen. Vi inviterte til fiskefest og debatt der vi spurde om vi skal sleppe marknadskreftene til og ha børsnoterte gigantbåtar eller om vi vil ha mange og fiskareigde båtar som skaper aktivitet og arbeidsplassar langs heile kysten? Vi nådde styresmaktene og dei som påverkar styresmaktene, men kanskje var dei over tusen besøkande på Brennholm minst like viktige. I Arendal var vi synlege og fekk vist fram både båt, næring og meiningar. Eg vil seie at fangsten den veka var god.

Så er det andre område der sola ikkje skin like klart som ho gjorde under Arendalsveka. Det er mørke skyar både når det gjeld kor mykje vi får fiske og korleis vi skal selje fisken. Vi må arbeide vidare med og styrke dialogen mellom fiskarar og forskarar. Og vi ser også at fiskarsida har mykje å lære om marknad og kommunikasjon. Eg har tidlegare skrive i denne spalta om nytten av arbeidet til Norges sjømatråd. No ser vi allereie resultatet av regjeringa sine kutt og den reduserte marknadsavgifta. Gjennomsnittsprisen på fryst, heil sild minka i fjor med 29 prosent mot det den var året før. Godt marknadsarbeid gir derimot høgare etterspørsel og høgare pris. Difor trengst det at Sjømatrådet styrkar arbeidet med sal av pelagiske artar. Viss ikkje, kan vi kome dit av vi må avikle heile ordninga. Det vil tvinge fram at flåteleddet omset eigen fangst i eigne mottak og i eigne system. Dette er ikkje noko vi verken kan eller vil, men kanskje vert vi nøydde til det?

I 2017 fekk vi også nye offentlege pålegg gjennom ballastforskrift og Polarkode. Dette er internasjonale krav som skal gjerast gjeldande også her, trass i at dei ikkje verken har rot i verkelegheita eller er relevante for norske forhold og norske fiskebåtar. Det kan verke som om sunn fornuft vert erstatta av internasjonale krav. Og at dette vert innført, er slik eg ser det, eit resultat av manglande dialog.

“Det vil tvinge fram at flåteleddet omset eigen fangst i eigne mottak og i eigne system”

Eit anna område der ein må halde oppe trøkket på samtalen og kommunikasjonen er forholdet til politikarane, og sikre at dei held fast på avtalar som er inngått. Dette gjeld ikkje minst tilbakefall av tidsavgrensa kvoter. Ein kan ikkje endre spelereglane undervegs. Politikarane må halde ord og desse kvotene må tilbake til gruppa dei kom frå.

Dei punkta eg har peika på her, og fleire til, gjer at behovet for ein dyktig organisasjon som talar aktive fiskarar si sak, er viktigare enn nokon gong. Vi må halde fram med å kommunisere og synleggjere at ei fiskerinæring med mange, mangfaldige og aktive eigarar gir ein livskraftig kyst. Det er når ein tenker på fellesskapet sitt beste ein får størst verdiskaping for alle.

Takk til iherdige og engasjerte medlemmer, styremedlemmer og tilsette for eit godt arbeidsår.



Jonny Lokøy  
Styreleder

# STYRET SI MELDING

# 2

**Styret i Pelagisk Forening** har hatt eit aktivt år i 2017. Styret konstaterer at fiskerinæringa er i vinden, og får stor merksemd frå privatpersonar, andre næringar og det offentlege. Noko kan skuldast mindre aktivitet i oljenæringa, men auka merksemd skuldast òg at fleire og fleire forstår at fiskerinæringa er ei viktig næring. Styret er glad for at fiskerinæringa får stadig større merksemd blant både veljarar og politikarar.

## Valår og Arendalsveka

Ved valet i 2017 hadde partia mykje meir fokus på fiskeri enn kva dei har hatt ved tidlegare val.

Pelagisk Forening deltok på Arendalsveka i august. Arendalsveka er ei veka med hundrevis av politiske debattar og seminar, arrangert av ei rekke lag og organisasjonar. Alle rikspolitikarar med ambisjonar om vidare politisk karriere deltek. Pelagisk Forening var første fiskeriorganisasjon nokon sinne som deltok på Arendalsveka med ein større fiskebåt.

Lars Einar Sandtorv stilte «Brennholm» til disposisjon, og det var debatt om bord. Under debatten var det stappfullt, både på brua og i det eineståande konferanserommet over brua. Det var òg fleire hundre personar om bord under «open båt». Det var tydeleg at omvising på ein moderne fiskebåt var interessant for mange! «Brennholm» var ein glimrande ambassadør, både for norsk fiskerinæring generelt, og Pelagisk Forening spesielt.

Styret vil takka alle bidragsytarar, og Arendal Havn. Styret vil òg retta ein stor takk til Norunn og Lars Einar Sandtorv, og til mannskapet på «Brennholm».

## Høyringar

Pelagisk Forening er høyringsinstans, og har svart på mange høyringar i 2017.

Eidesenutvalet sin rapport, som gjeld heile den norske fiskerinæringa, er særskild viktig, og har fått stor merksemd i foreininga. Rapporten blei òg handsama på medlemsmøte, før foreininga leverte sitt høyringsvar.

## Rederikvoteordning

Eit ja kan aldri bli så sterkt som eit rungande nei. Så heller ikkje for rederikvoteordning. Etter at basiskvotetaket for ringnot og trål blei auka i januar 2015 er det ikkje mange av pådrivarane som har strukturert. Tvert om sit mange

på gjerdet, og vonar at reglane om avkorting og varigheit blir oppheva. Dette viser at det ikkje var naudsynt å auka kvotetaket.

For å sikra superprofitt for nokre få fleirbåtsreiarlag har nokon fremja forslag om ei mellombels rederikvoteordning, som var tenkt å vara til Eidesenutvalet sin rapport er evaluert.

Pelagisk Forening såg ikkje at det var naudsynt med ei rederikvoteordning, og gjekk kraftig imot ordninga. Styret er glade for at myndighetene såg at ordninga ikkje var naudsynt. Styret konstaterer at ingen reiarlag har meldt om problem som følge av manglande rederikvoteordning.

## Miljøvern

Styret registrerar at miljøvern, og eit reinare hav, har kome meir på dagsorden i året som har gått. Dette er svært positivt, og Pelagisk Forening har deltatt på møter med Miljødirektoratet, og har samarbeida godt med miljøorganisasjonar i året som har gått. Fiskarane har interesse, og ansvar for å unngå forureining av havet. Styret meiner dette er eit viktig arbeid, og ønskjer å ha større fokus på dette viktige arbeidet i åra som kjem.

## Lodda

Styret har tidlegare stilt spørsmål ved nullkvotar av lodda i Barentshavet, og har meint at det må forskast meir på lodda. Etter to år med nullkvotar, var det positivt at det blei loddefiske i 2018.

## Forsking

Pelagisk Forening har tatt til orde for ein ny gjennomgang av «Vendlatoktet». Havforskningsinstituttet vil diverre ikkje delta i ein gjennomgang fordi det er som «snøen som falt i fjor».

Pelagisk Forening har aldri tatt til orde for ei uavhengig gjennomgang. Etter press frå Pelagisk Forening la HI toktdata ut på heimesida si. Truleg vel vitande om at det er uråd å analysa toktdata utan bidrag frå HI.

Ein uavhengig gjennomgang er heller ikkje mogeleg. Til det er naudsynte dataprogram for spesialiserte, ikkje offentleg tilgjengelege, og/eller kostar eit femsifra beløp, i Euro. Det er òg naudsynt med spesialkunnskap som ikkje er tilgjengeleg utanfor HI.

# 2017

I år som i fjor er styret kritisk til at HI alltid har ei stemma eksternt. Styret meiner at Nærings- og fiskeridepartementet, som er dei som faktisk avgjer kor mykje som skal vera lov å fiska, har rett til å bli informert dersom ulike forskarar har ulikt syn på bestandsråd. Tvil om kvoteråd har fiskarane òg krav på å få kjennskap til. Styret håper HI blir meir open på dette området.

I fjor gav styret uttrykk for at HI viser til ICES, når det blir stilt spørsmål om HI sine bestandsvurderingar. For næringa verkar ICES sitt arbeid uangripleg, men det finst som kjent ikkje ufeilbarlege institusjonar. I år som i fjor meiner styret at HI bør informera betre om ICES sitt arbeid, og at norske styresmakter bør utfordra ICES om det blir naudsynt.

HI må innsjå at tidene endrar seg, og at HI vil bli sett meir i korta enn dei har blitt før. Styret konstaterer òg at andre institusjonar byrjar å visa interesse for bestandsforskning, noko som er positivt då det vil føra til betre bestandsforskning, og auka kunnskap.

Pelagisk Forening har òg deltatt i Fagleg utval for ressursforskning, FUR. Styret ser på dette som nyttig, og har m.a. spelt inn behov for fleire møte enn dei halvårlege møta som er i dag. Det er òg meldt inn saker om loddefisket i Barentshavet, ønskje om oversikt over kor stor biomasse som er mat for sjøpattedyr, oversikt over bruk av forskingsavgift m. fl.

### **Har regelverket blitt enklare?**

Regjeringa gjekk høgt ut, og lova «forying, forenkling og forbedring». Etter 4 ½ år i regjering vil styret sei at det bør vera lov å forventa store og synlege resultat. Diverre er det ikkje tilfelle.

Styret ser ofte at det er viktigare for byråkratiet å vera best i klassen, enn at næringsutøvarane skal ha gode og stabile rammevilkår.

Det synest å vera eit problem at fleire ulike offentlege etatar som Fiskeridirektoratet, Sjøfartsdirektoratet, Kystvakta, Politiet m. fl., ikkje ser regelverka sine i samanheng. Næringsutøvarar må etterleva mange etatar sitt regelverk, og Pelagisk Forening meiner at det er ønskeleg at dei enkelte offentlege etatane hadde meir fokus på å sjå sitt regelverk i samanheng med andre etatar sine regelverk.

Noreg har òg inngått ei rekke internasjonale avtalar. Dette er avtalar som gjer at Noreg pliktar å etterleva endringar. Dette kan vera problematisk, og føra til konsekvensar korkje næringa eller myndighetene kjente då avtalane blei inngått.

### **Møte med styresmaktene**

I året som har gått har sekretariatet, og styreleiar, hatt mange møte med stortingsrepresentantar, Nærings- og fiskeridepartementet og forvaltninga. Pelagisk Forening opplever slike møte som positive, og møta syner at Pelagisk Forening har innverknad på norsk fiskeripolitikk.

### **Rettstryggleik**

Styresmaktene har diverre framleis mykje ugjort når det gjeld å styrka fiskarane sin rettstryggleik. Dette for at fiskarane skal få same rettstryggleik som andre borgarar og næringsutøvarar. Styret ser rett som det er at fiskarane sin rettstryggleik ikkje er på nivå med kva som er tilfelle for andre næringsdrivande.

Pelagisk Forening har arbeidd for å betra generell rettstryggleik for fiskarane. I tillegg arbeider sekretariatet jamt og trutt med konkrete enkeltsaker, som åtvaringar, inndragingar og saker der fiskarar er meldt til Politiet. Styret er glad for å kunna tilby denne servicen til medlemmane, og for at servicen òg gjev resultat.

Fiskeridirektoratet har byrja å ilegga lovbrotsgebyr i saker der direktoratet før meldte tilhøvet til Politiet. Truleg er dette fordi direktoratet har erfart at Politiet ikkje prioriterer slike saker. Det er jo ein føremon for fiskarane at dei ikkje blir kriminalisert i småsaker, men ulempa er at det er fiskarane som må gå til sak om dei er usamde i gebyr eller inndraging.

### **Vern om deltakarlova og fiskesalslagslova**

Med jamne mellomrom kjem det innspel der det blir argumentert for at deltakarlova og fiskesalslagslova bør opphevast. Styret meiner at desse lovene er særskild viktige! Mindre justeringar i deltakarlova kan vurderast dersom det er naudsynt. I 2017 fekk eit fiskemottak dispensasjon frå deltakarlova, og løyve til å erverva meir enn 50 % av aksjane i eit fiskefartøy. Pelagisk Forening har gjeve uttrykk for at foreninga var sterkt imot dette dispensasjonsvedtaket.



### Samarbeid med andre organisasjonar

Fiskerireg er i organisatorisk endring. Dette kan òg omfatta Pelagisk Forening. For styret er det viktig å syta for at medlemmane ikkje mistar innflytelse/påverknadskraft for at organisasjonen skal endrast. Det same gjeld sjølv sagt òg servicen til medlemmane.

I enkeltsaker har Pelagisk Forening samarbeida godt med andre fiskeriorganisasjonar i året som har gått. Dette er naturleg når organisasjonane har felles interesse, og styret ønskjer vidare godt samarbeid med andre organisasjonar.

### Sekretariatet

Styret er glad for at sekretariatet har fungert godt gjennom heile året. Tidlegare var det tre personar i sekretariatet, men sekretariatet har fungert godt sjølv om mannskapet no berre har bestått av to personar.

Sekretariatet består av dagleg leiar Mariann Frantsen, og advokat Ask Økland. Styret er tilfreds med servicen sekretariatet yter, til styret og medlemsreiarlaga, i dei mange ulike spørsmåla i samband med drifta av fiskerifartøy. Styret er òg nøgde med arbeidet sekretariatet gjer for å synleggjera Pelagisk Forening i media.

Mange medlemmar kjem med innspel til foreininga. Styret er nøgd med at sekretariatet handsamar alle innspel på beste måte, og legg viktige spørsmål fram for styret. Det skal vera kort veg frå medlemmar til styret, og styret har inntrykk av at medlemmane er nøgd med «tingenes tilstand» òg på dette punktet.

Jonny Lokøy  
Styrets leder

Kristian Sandtorv  
Nestleder

Torbjørn Veia  
Styremedlem

Andreas Leine  
Styremedlem

Thomas Johansen  
Styremedlem

Ola Christian Olsen  
Styremedlem

# FORSKERE

**Det er alltid hyggelig** å snakke om gode, gamle dager. Da en avtale ble beseglet med et håndtrykk. Da et ord var et ord, og man stolte på hva folk sa. Ikke minst på hva myndighetene sa. Alle barn tok skoletran. Alle så på den samme statskanalen på tv. Det ble terpet på byer i Belgia – men det ble aldri oppfordret til å diskutere hva som skjedde i Brussel. Det var lydighet og innordning som var rammene. Nå er frihet og personlig utvikling viktig, og man blir opplært til å stille spørsmål ved alle sannheter og tenke selv.

Individualisme, globalisering og digitalisering har endret folk sin evne, vilje og mulighet til å hente, og bli påvirket av, ny informasjon på en helt grunnleggende måte. «Sannheten» er noe som i stadig sterkere grad er i spill. Det merkes på alle områder i samfunnet, politisk som religiøst, innen media og innen vitenskapen. Dette er fanget opp av stormaktene, og det er i ferd med å bygges opp en hel industri som leverer falske nyheter. Nyheter som blir brukt til å påvirke politikken, til dels i andre land.

### Tradisjoner og posisjoner gir ikke automatisk tillit

I dette bildet hører det med at tillit ikke er noe som automatisk følger med fordi man er en del av et statlig apparat, fordi man har lange tradisjoner eller tunge posisjoner. Tillit må man jobbe for. Bevis.

Dette bakteppet bare forsterker den klassiske konflikten mellom fiskere og forskere. For fiskerne har innestemme aldri vært sett på som noe fortrinn. Yrket krever en stemme som bærer i motvind. Det har heller aldri vært et yrke som har basert seg på lange for og mot utgreiinger, tunge konsekvensanalyser og «hvis-om-og-men». Når fiskestimen farger skjermen rød, da må det handles. Når «gjør-klart»-ropet ljomer over båten, det dunker og dunderer i skutesida av vegn som går ut, og det krones med et kast fullt av sprellende fisk, da er adrenalinet og energien på et mengdenivå som du aldri greier å få trykt inn på et forskerkontor. Det er to ulike verdener – selv om de har hjerte for det samme havet.

Vi har det store bildet, der troen på absolutte sannheter er minkende. I tillegg har vi den klassiske diskusjonen mellom fiskere og forskere om hvem som kjenner havet best. På toppen har vi fått dette nå to år gamle sildetoktet som har blitt både en symbolsak og en verkebyll. Ja, vi har data, tilgjengelig for alle, men hvem skal tolke de? Og hvordan? Hvem skal ta ansvar for at disse dataene

# GAPET MELLOM

&

# FISKERE

skal bli en «sannhet» som både forskere og fiskere kan leve med? For ikke si leve av...

## Hls monopol utfordres

Det er ikke rart at Havforskningsinstituttet er satt under kraftig press. Det er lenge siden det store sildefisket på 50-tallet, da Finn Devold reiste rundt med «G.O. Sars» som folkehelt nærmest på signingsferd. Ertetiden har rett nok vist at det var diskusjoner også da. Til dels helt rettmessige diskusjoner, men sannheten er ikke monopolisert som den var da. Heller ikke innen fiskeri.

Vi ser at det dukker opp alternativer til Havforskningsinstituttet, og at det er mange som ønsker å konkurranseutsette bestandsforskning. En av forklaringene er knyttet til rene markedsmekanismer. Vi har fått tilbydere som ser at her er et marked, siden tilliten til Havforskningsinstituttet smuldrer, og her er potensielle kunder som ønsker å kjøpe tjenester andre steder.

## Tillit som smuldrer

Dette er nå en av de største endringene, og største utfordringene, fiskerinæringen står oppe i. Feile tall, og tilrådinger, fra Havforskningsinstituttet vil gjøre skade på både bestanden av fisk, og bestanden av tillit. Noe som det vil ta lang tid å reparere.

Fiskerne er ikke ensidig ute etter å fiske mest mulig, og ha størst mulig kvote. Fiskerne vil ha riktige kvoter. Fiskerne vil ha kvoter som gjør at de får ha mest mulig nytte av fiskebestandene i år, og neste år, og inn i framtida. Slik det er nå opplever fiskerne at samme hva de ser i havet, så regner forskerne det vekk. Spesielt når det gjelder NVG og makrell.

Det er ikke rart at fiskerne legger ut på tokt etter alternative forskermiljø. Og det er ikke rart at disse miljøene dukker opp, eller at eksisterende forskningsmiljø kanskje retter interessen mot fiskeri og bestandsforskning.

Sintef har innen fiske og fangst forskning mest rettet mot teknologi, men med sine totalt 2000 forskere har de en enorm kunnskap om å drive forskning, og vil som organisasjon kunne håndtere det å drive bestandsforskning også.

Og vi kjenner selvsagt til Pelagisk dugnad, og etterfølgeren NAIS, som vil drive økobasert forskning på skuldrene av den aktive fiskeren.

## Koloss på leirfötter

Ingen er ute etter «å ta» Havforskningsinstituttet. Vi er opptatt av at fiskerne, og fisken, får de beste kvoterådene. Vil det være bedre for Havforskningsinstituttet, for fiskerne og for fisken, om bestandsforskningen blir åpnet opp, flere får delta og makten blir spredd?

Havforskningsinstituttet må ta inn over seg at verden har endret seg. Fiskerne slår seg ikke til ro med at instituttet skal ha monopol på sannheten.

Evnen til å ta styring over egne liv og gjøre seg uavhengig av ekspertsystemene er nå større enn noen gang. Det er en utfordring for alle forskningsmiljø, og eksperter, men det oppleves at dette skjer i spesielt sterk grad i forholdet mellom havforskere og havfiskerne. Spriket mellom det fiskerne ser i havet og det forskerne ser er stort, og forskerne makter ikke å forklare godt nok hvorfor de gir de rådene de gir.

Det har ført Havforskningsinstituttet inn i en legitimitetskrise. Det er et for stort gap mellom det de gjør og det det forventes at de gjør. Tilliten forsvinner, og med det også maktbasen de har. Det kan ikke være noe verken Havforskningsinstituttet selv eller oppdragsgiverne deres kan sitte stille og se på.

## Må på ministerens bord

Kimen til mye av uenigheten mellom forsker og fisker den siste tiden er sildetoktet fra seinvinteren 2016. Havforskningsinstituttet kom oss i møte, og la fram alle data fra toktet. Men dataene er vanskelige å analysere for andre enn dem selv. Det er kun HI som har dataprogrammet som må til. Da er vi sjakk matt. Vi kommer ikke nærmere enighet, og da må andre parter på banen. Den manglende tilliten til HI hører hjemme på statsrådets bord. Skal vi minke gapet mellom forskere og fiskere, må fiskeriministeren innse at det er en voksende mistillit, og det må iverksettes tiltak for å få nødvendig tillit og arbeidsro tilbake. Da er åpenhet og samarbeid to nøkkelord.

Både fiskerne og fiskebestandene trenger å bli tatt på alvor. Da må vi kunne ta forskerne på alvor.

# MARKEDSUTSIKTER FOR PELAGISK FISK

Finn-Arne Egeness, Bransjeanalytiker Sjømat, Nordea Bank AB

## Nvg-sild

Førstehandsprisen på norsk vårgytende sild har hatt en svært positiv utvikling siden 1990-tallet. Etter rekordhøye priser i 2016 falt førstehandsprisen med 40 %, fra NOK 7,68 i 2016 til NOK 4,58 i 2017. Kvotøkningen på 125 prosent, og utfordringer i de russiske og ukrainske markedene, bidro til at verdensmarkedet priset nvg-sild som billig protein.

I løpet av 1990-tallet ble norsk pelagisk konsumindustri gradvis bygget opp, og globaliseringen av verdensmarkedet gjorde det mulig å frakte fryst sild rimelig over store avstander. Samtidig økte kjøpekraften i Øst-Europa, der forbrukere hadde erfaring med sild fra Stillehavet. Kvotereduksjonen i 2001 bidro til at førstehandsprisen doblet seg. Dette fordi konsumindustrien, og ikke mel- og olje, satte førstehandsprisen. Drevet av kvotereduksjon kom en ny prisøkning 10 år senere. Prisen økte også fordi en større andel av silda ble filetert (+50 %), og gikk til de høyest betalende markedene i Polen, Tyskland, Russland og Hviterussland. Nytt produktformat sparte industrielle kjøpere for tid og kostnader. Filetbedrifter tjente penger på salg av restråstoffet, og transportkostnadene ble redusert.

Nordea Bank forventer en førstehandspris på rundt NOK 5,50 i 2018, og at mange kjøpere vil være forsiktig på grunn av prisfallet høst 2017. Parallelt er det fortsatt noe sild på lager i Europa, noe som tyder på lavere priser i første halvår 2018, enn i andre halvår. Markedsadgang til Russland, og en stabilisering i Ukraina kan bidra til høyere priser.

Fortsatt MSC-godkjenning er avgjørende for prisutviklingen på nvg-silda. Først og fremst fordi tyske og polske dagligvarekjeder krever godkjenning. En bærekraftig forvaltet sildebestand er dermed avgjørende for markedsfleksibiliteten til eksportørene, og prisutviklingen. Særlig i perioder med utfordringer i Russland og Ukraina. Hvis nvg-silda mister MSC-godkjenningen vil etterspørsel og pris på nordsjø-sild øke. Motsatt for nvg-sild. På lang sikt kan brexit-forhandlingene skape utfordringer for forvaltningen av silda, og dermed også MSC-godkjenningen. De neste 10 årene virker en førstehandspris på EUR 0,75 per kilo sannsynlig.

En åpning av det russiske markedet vil ha en positiv effekt på førstehandsprisen, særlig i perioder med høye kvoter.

## Nordsjø-sild

De siste 5 årene har prisdifferansen mellom nvg-sild og nordsjø-sild variert mellom NOK 0,83-2,17 per kilo, og en må tilbake til 2011 for å finne sist prisen på nordsjø-silda var høyere enn nvg-silda. Vi forventer en pris på nordsjø-sild som er NOK 1 lavere enn for nvg-sild.

## Makrell

Totalt fiskes det rundt 5 millioner tonn makrell hvert år. Ca. en fjerdedel av makrellen fiskes i Nordøst-Atlanteren. Forbrukere over hele verden har preferanser for makrell, og bare fra Norge er det direkteeksport av atlantisk makrell til ca. 60 land. Primært land i Europa, Asia og Afrika. Derfor er det svært sjeldent at førstehandsprisen på makrell faller dramatisk. De siste 10 årene har makrellen avviket betydelig fra snittet to ganger. I perioden før finanskrisen i 2008 fikk vi en kraftig prisøkning på råvarer, og i 2011 hindret jordskjelvet i Japan mye av det lokale fisket.

Førstehandsprisen på makrell i 2017 var NOK 9,66, nesten som snittprisen de siste 20 år. På lang sikt er det grunn til å være positiv til prisutviklingen på makrell. Norsk konsumindustri viser stadig større interesse for å filetere makrellen før eksport. Det gir tilgang på verdifullt restråstoff, reduserer transportkostnadene, og gir muligheter i nye markedssegmenter. Produsentene investerer i teknologi for å sortere ut den største og best betalte makrellen. Atlantisk makrell har dokumentert effekt på læring og konsentrasjon hos barn, noe som kan øke betalingsviljen nedstrøms i verdikjeden. Det japanske kjøkkenet, hvor makrellen er populær, øker i popularitet i Asia. På lang sikt tror vi på en økning i makrellprisen på NOK 3-5 kroner, og en førstehandspris på EUR 1,75 i 2030 (NOK 15).

## Kolmule

Nordea Banks analyser viser at 80 prosent av prisutviklingen av kolmule på første hånd kan forklares med prisutviklingen på fiskemel i verdensmarkedet, og valutakurser. Priskorrelasjonen har imidlertid blitt noe redusert de siste årene. I første halvår 2018 er det god tilførsel av lodde, kolmule og tobis i Nordøst-Atlanteren. Parallelt er det stor biomasse av pelagisk fisk i Sør-Amerika og mye små fisk. De neste 5 årene forventer vi en pris på industrifisk på rundt NOK 2 – 2,5 per kilo.

## KONTAKTPERSONER




**Jonny Lokøy**  
Styreleder  
928 69 544  
endre-d@online.no



**Mariann Frantsen**  
Daglig leder  
470 33 100  
mariann@pelagisk.net



**Ask Økland**  
Advokat  
468 43 164  
ask@pelagisk.net



**Kontor**  
55 36 02 00  
Slottsgaten 3,  
5003 Bergen  
post@pelagisk.net

### Foto:

Portretter: Jonny Lokøy av Rune Berentsen (Bergens Tidende) / Mariann Frantsen av Roar Bjånesøy / Ask Økland av Torstein Solem  
Forside: Kystvakt. Side 2: stock.adobe.com . Side 3: Grethe Hillersøy / Norges Sjømatråd.

**Grafisk design:** Gunnar Follesø / Follesø Animasjon

# MEDLEMMER

